

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
27.06.02

Arkivsak : 00/00914 A -
Arkivkode: 587

Sakshandsamar: Leif Børge Meland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
LANDBRUK/TEKNISK	03.10.01	PS 0106/01
LANDBRUK/TEKNISK	20.03.02	PS 0019/02
FORMANNSKAPET	20.03.02	PS 0034/02
FORMANNSKAPET	29.05.02	PS 0066/02
KOMMUNESTYRET	27.06.02	PS 0022/02

NYE VEGNAMN I TYSNES

- Vedlegg:**
1. Skriv frå Statens namnekonsulentar
 2. Merknader frå eigar av gnr. 3, bnr. 3
 3. Merknader frå eigarane av gnr. 3, bnr. 1 og 2 (felleskriv)
 4. Merknader frå eigar av gnr. 3, bnr. 26
 5. Merknader frå eigar av gnr. 114, bnr. 1

SAKSUTGREIING 03.10.01:

Vegnamn i Tysnes.

Etter at utvalet gjorde framlegg om vegnamn i kommunen vart framlegget sendt til Statens namnekonsulentar . Den 11.05.01 mottok me svar med deira konkrete merknader til skrivemåten. Sjå vedlegg .

Når det gjeld siste avsnittet i brevet frå Statens namnekonsulentar har me sendt brev for uttale til alle som er partar i høve til dei adresseparsellane som er nemd. Bortsett frå ein adresseparsell.

Parsellnr.**1035 Haugavegen** er ikkje bruksnamn og kjem såleis ikkje inn under denne kategorien.

Me har laga eit oppsett som syner kva vegnamn det er kommentar på og skrivemåten som vert tilrådd.

Dei namna Statens namnekonsulentar har merknader til er for namneparsell nr. 1008,1012,1016,1104,1107,1026,1029,1031,1033,1035,1036,1038,1041,1102,1103,1063, 1068,1070,1072,1073,1075,1077,1079,1084,1093,1095 og 1097.

I skriv av 06.02.2001 er det kome inn klage på namneval på veg til gnr.90 bnr.17 m.fl.

Den vegen som er føreslege kalt "Abelsveg", vart i fyrstninga tilrettelagt som ein sjoarveg for gnr.90 bnr.2 av Torkel Vee. Dei meiner difor at dersom vegen skal knytast til ein person må namnet verta "Torkelsveg". Dersom ein brukar stadnamn, til dømes "Hedleneset" har dei ikkje merknader til det. Om Hedleneset seier namnekonsulentane at det skal skrivast "Helleneset". I telefon med Else Vee blant anna 07.09.01 er det for deira del også greitt dersom namnet vert "Båtastøvegen". Båtastøvegen seier noko om den bruken som var.

I oppsettet nedafor er teke med vegnummer(namneparsell), namn som har vore oppe i utvalet, merknad som namnekonsulentane har kome med og endelig framlegg til innstilling, som består av namna som har vore oppe i utvalet og dei merknadene som namnekonsulentane har kome med.

<u>Vegnummer</u>	<u>Vegnamn frå utvalet</u>	<u>Merknad frå namnekons.</u>	<u>Framlegg frå utvalet.</u>
<u>nr. 1007</u>	<u>Teiglandsvegen</u>		<u>Teiglandsvegen</u>
<u>nr. 1008</u>	<u>Spannstigen</u>	<u>Spannsteigen</u>	<u>Spannsteigen</u>
<u>nr. 1009</u>	<u>Bakarvegen</u>		<u>Bakarvegen</u>
<u>nr. 1010</u>	<u>Sjoarvegen</u>		<u>Sjoarvegen</u>
<u>nr. 1011</u>	<u>Bjørkheimsvegen</u>		<u>Bjørkheimsvegen</u>
<u>nr. 1012</u>	<u>Abelsbrekko</u>	<u>Helleneset,Båtastøvegen</u>	<u>Båtastøvegen</u>
<u>nr. 1013</u>	<u>Peralivegen</u>		<u>Peralivegen</u>
<u>nr. 1014</u>	<u>Øvre Klokkargarden</u>		<u>Øvre Klokkargarden</u>
<u>nr. 1015</u>	<u>Nedre Klokkargarden</u>		<u>Nedre Klokkargarden</u>
<u>nr. 1016</u>	<u>Landevegen</u>	<u>Landavegen</u>	<u>Landavegen</u>
<u>nr. 1017</u>	<u>Engjelsvegen</u>		<u>Engjelsvegen</u>
<u>nr. 1018</u>	<u>Vågsneset</u>		<u>Vågsneset</u>
<u>nr. 1019</u>	<u>Gjerstadneset</u>		<u>Gjerstadneset</u>
<u>nr. 1020</u>	<u>Amundsstølen</u>		<u>Amundsstølen</u>
<u>nr. 1021</u>	<u>Hollekjevegen</u>		<u>Hollekjevegen</u>
<u>nr. 1022</u>	<u>Dalsvegen</u>		<u>Dalsvegen</u>
<u>nr. 1023</u>	<u>Anderslandsvegen</u>		<u>Anderslandsvegen</u>
<u>nr. 1104</u>	<u>Store Gjersvik</u>	<u>Stora Gjersvik</u>	<u>Stora Gjersvik</u>
<u>nr. 1024</u>	<u>Hegglandsvegen</u>		<u>Hegglandsvegen</u>
<u>nr. 1025</u>	<u>Humlevikvegen</u>		<u>Humlevikvegen</u>
<u>nr. 1107</u>	<u>Lundevegen</u>	<u>Lundavegen</u>	<u>Lundavegen</u>
<u>nr. 1026</u>	<u>Sebergvegen</u>	<u>Sæbergvegen</u>	<u>Sæbergvegen</u>
<u>nr. 1027</u>	<u>Godøysundvegen</u>		<u>Godøysundvegen</u>
<u>nr. 1028</u>	<u>Tysnesvegen</u>		<u>Tysnesvegen</u>
<u>nr. 1029</u>	<u>Skipaviksvegen</u>	<u>Skipavikvegen</u>	<u>Skipavikvegen</u>
<u>nr. 1030</u>	<u>Myrdalsvegen</u>		<u>Myrdalsvegen</u>
<u>nr. 1031</u>	<u>Lundehagen</u>	<u>Lundahagen</u>	<u>Lundahagen</u>
<u>nr. 1032</u>	<u>Vassneset</u>		<u>Vassneset</u>
<u>nr. 1033</u>	<u>Nedre Lunde</u>	<u>Nedra Lunde</u>	<u>Nedra Lunde</u>

<u>nr. 1033</u>	<u>Nedre Lunde</u>	<u>Nedra Lunde</u>	<u>Nedra Lunde</u>
<u>nr. 1035</u>	<u>Øvre Lunde</u>	<u>Øvra Lunde</u>	<u>Øvra Lunde</u>
<u>nr. 1036</u>	<u>Hauavegen</u>	<u>Haugavegen</u>	<u>Haugavegen</u>
<u>nr. 1037</u>	<u>Vevatnevegen</u>		<u>Vevatnevegen</u>
<u>nr. 1038</u>	<u>Sundevegen</u>	<u>Sundavegen</u>	<u>Sundavegen</u>
<u>nr. 1039</u>	<u>Lynghaugane</u>		<u>Lynghaugane</u>
<u>nr. 1040</u>	<u>Kattanesvegen</u>		<u>Kattanesvegen</u>
<u>nr. 1041</u>	<u>Koløyhamn</u>		<u>Lundakamben</u>
<u>nr. 1042</u>	<u>Garden</u>		<u>Garden</u>
<u>nr. 1043</u>	<u>Malkenesvegen</u>		<u>Malkenesvegen</u>
<u>nr. 1102</u>	<u>Nygådsvegen</u>		<u>Oterurdane</u>
<u>nr. 1103</u>	<u>Svenavegen</u>	<u>Svevegen</u>	<u>Svevegen</u>
<u>nr. 1044</u>	<u>Vevatne</u>		<u>Vevatne</u>
<u>nr. 1045</u>	<u>Vetlabølsvegen</u>		<u>Vetlabølsvegen</u>
<u>nr. 1046</u>	<u>Hovlandstranda</u>	<u>Hovlandsstranda</u>	<u>Hovlandsstranda</u>
<u>nr. 1047</u>	<u>Liastranda</u>		<u>Liastranda</u>
<u>nr. 1048</u>	<u>Liavegen</u>		<u>Liavegen</u>
<u>nr. 1049</u>	<u>Årbakkavegen</u>		<u>Årbakkavegen</u>
<u>nr. 1050</u>	<u>Onarheimsvegen</u>		<u>Onarheimsvegen</u>
<u>nr. 1051</u>	<u>Vattedalsvegen</u>		<u>Vattedalsvegen</u>
<u>nr. 1052</u>	<u>Flakkavågsvegen</u>		<u>Flakkavågsvegen</u>
<u>nr. 1108</u>	<u>Hodnanesvegen</u>		<u>Hodnanesvegen</u>
<u>nr. 1053</u>	<u>Fjellvegen</u>		<u>Fjellvegen</u>
<u>nr. 1054</u>	<u>Eikene</u>		<u>Eikene</u>
<u>nr. 1055</u>	<u>Hagaresvegen</u>		<u>Hagaresvegen</u>
<u>nr. 1056</u>	<u>Espevikvegen</u>		<u>Espevikvegen</u>
<u>nr. 1057</u>	<u>Sletteskogsvegen</u>		<u>Sletteskogsvegen</u>
<u>nr. 1101</u>	<u>Østerspollen</u>		<u>Østerspollen</u>
<u>nr. 1058</u>	<u>Skorpevegen</u>		<u>Skorpevegen</u>
<u>nr. 1059</u>	<u>Gangstøvegen</u>		<u>Gangstøvegen</u>
<u>nr. 1108</u>	<u>Singelstad</u>		<u>Singelstad</u>
<u>nr. 1060</u>	<u>Langenuvegen</u>		<u>Langenuvegen</u>
<u>nr. 1061</u>	<u>Flatråkervegen</u>		<u>Flatråkervegen</u>
<u>nr. 1105</u>	<u>Nedre Øyjordsvegen</u>		<u>Nedre Øyjordsvegen</u>
<u>nr. 1106</u>	<u>Øvre Øyjordsvegen</u>		<u>Øvre Øyjordsvegen</u>
<u>nr. 1062</u>	<u>Nordbustaddalen</u>		<u>Nordbustaddalen</u>
<u>nr. 1063</u>	<u>Neshamnvegen</u>	<u>Nesøyvegen</u>	<u>Nesøyvegen</u>
<u>nr. 1064</u>	<u>Uggdalsvegen</u>		<u>Uggdalsvegen</u>
<u>nr. 1065</u>	<u>Høviskelandsvegen</u>		<u>Høviskelandsvegen</u>
<u>nr. 1066</u>	<u>Kleppa</u>		<u>Kleppa</u>
<u>nr. 1067</u>	<u>Kongsvikvegen</u>		<u>Kongsvikvegen</u>
<u>nr. 1068</u>	<u>Øvrebøvegen</u>		<u>Øvrebøvegen</u>
<u>nr. 1069</u>	<u>Jensvoll</u>		<u>Jensvoll</u>
<u>nr. 1070</u>	<u>Jensvollsbrekko</u>	<u>Jensvollsbrekka</u>	<u>Jensvollsbrekka</u>
<u>nr. 1071</u>	<u>Heningen</u>		<u>Heningen</u>
<u>nr. 1072</u>	<u>Thomyro</u>	<u>Tomyra</u>	<u>Tomyra</u>
<u>nr. 1073</u>	<u>Øvregato</u>		<u>Øvregato</u>

<u>nr. 1074</u>	<u>Sauabakkane</u>		<u>Sauabakkane</u>
<u>nr. 1075</u>	<u>Opdalsvegen</u>	<u>Uggdalsdalen</u>	<u>Uggdalsdalen</u>
<u>nr. 1076</u>	<u>Solheimsdalen</u>		<u>Solheimsdalen</u>
<u>nr. 1077</u>	<u>Heivegen</u>	<u>Heiavegen</u>	<u>Heiavegen</u>
<u>nr. 1078</u>	<u>Amlandsvegen</u>		<u>Amlandsvegen</u>
<u>nr. 1079</u>	<u>Færevågvegen</u>	<u>Færavågvegen</u>	<u>Færavågvegen</u>
<u>nr. 1080</u>	<u>Bårdsundvegen</u>		<u>Bårdsundvegen</u>
<u>nr. 1081</u>	<u>Hillesvikvegen,</u>		<u>Hillesvikvegen,</u>
<u>nr. 1082</u>	<u>Landeråvegen</u>		<u>Landeråvegen</u>
<u>nr. 1083</u>	<u>Sundavågen</u>		<u>Sundavågen</u>
<u>nr. 1084</u>	<u>Reksterenvegen</u>	<u>Rekstravegen</u>	<u>Rekstravegen</u>
<u>nr. 1085</u>	<u>Flygansvær</u>		<u>Flygansvær</u>
<u>nr. 1086</u>	<u>Frøkedalen</u>		<u>Frøkedalen</u>
<u>nr. 1087</u>	<u>Åsvågen</u>		<u>Åsvågen</u>
<u>nr. 1088</u>	<u>Øvra Haukafær</u>		<u>Øvra Haukafær</u>
<u>nr. 1089</u>	<u>Haukafærvågen</u>		<u>Haukafærvågen</u>
<u>nr. 1090</u>	<u>Ersværvågen</u>		<u>Ersværvågen</u>
<u>nr. 1091</u>	<u>Gjellandsvegen</u>		<u>Gjellandsvegen</u>
<u>nr. 1093</u>	<u>Gjøvågvegen</u>	<u>Gjøvågsvegen</u>	<u>Gjøvågsvegen</u>
<u>nr. 1094</u>	<u>Raftåsvegen</u>		<u>Raftåsvegen</u>
<u>nr. 1095</u>	<u>Hopsundvegen</u>	<u>Hopssundvegen</u>	<u>Hopssundvegen</u>
<u>nr. 1096</u>	<u>Vernøyvegen</u>		<u>Vernøyvegen</u>
<u>nr. 1097</u>	<u>Eldholmvegen</u>	<u>Eldholmsvegen</u>	<u>Eldholmsvegen</u>
<u>nr. 1098</u>	<u>Eldholmsvågen</u>		<u>Eldholmsvågen</u>
<u>nr. 1099</u>	<u>Kaldafossvegen</u>		<u>Kaldafossvegen</u>
<u>nr. 1100</u>	<u>Søre Gjøvåg</u>		<u>Søre Gjøvåg</u>

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN 03.10.01:

Rådmannen går inn for at dei nedanfor opplista adresseparsellane og vegnamna kan leggjast ut til offentlig ettersyn.

<u>Vegnummer</u>	<u>Framlegg frå utvalet.</u>
<u>nr. 1007</u>	<u>Teiglandsvegen</u>
<u>nr. 1008</u>	<u>Spannsteigen</u>
<u>nr. 1009</u>	<u>Bakarvegen</u>
<u>nr. 1010</u>	<u>Sjoarvegen</u>
<u>nr. 1011</u>	<u>Bjørkheimsvegen</u>
<u>nr. 1012</u>	<u>Båtastøvegen</u>
<u>nr. 1013</u>	<u>Peralivegen</u>
<u>nr. 1014</u>	<u>Øvre Klokkargarden</u>
<u>nr. 1015</u>	<u>Nedre Klokkargarden</u>
<u>nr. 1016</u>	<u>Landavegen</u>
<u>nr. 1017</u>	<u>Engielsvegen</u>
<u>nr. 1018</u>	<u>Vågsneset</u>
<u>nr. 1019</u>	<u>Gjerstadneset</u>
<u>nr. 1020</u>	<u>Amundsstølen</u>

nr. 1021	<u>Hollekjevegen</u>
nr. 1022	<u>Dalsvegen</u>
nr. 1023	<u>Anderslandsvegen</u>
nr. 1104	<u>Stora Gjersvik</u>
nr. 1024	<u>Hegglandsvegen</u>
nr. 1025	<u>Humlevikvegen</u>
nr. 1107	<u>Lundavegen</u>
nr. 1026	<u>Sæbergvegen</u>
nr. 1027	<u>Godøysundvegen</u>
nr. 1028	<u>Tysnesvegen</u>
nr. 1029	<u>Skipavikvegen</u>
nr. 1030	<u>Myrdalsvegen</u>
nr. 1031	<u>Lundahagen</u>
nr. 1032	<u>Vassneset</u>
nr. 1033	<u>Nedra Lunde</u>
nr. 1033	<u>Nedra Lunde</u>
nr. 1035	<u>Øvra Lunde</u>
nr. 1036	<u>Haugavegen</u>
nr. 1037	<u>Vevatnevegen</u>
nr. 1038	<u>Sundavegen</u>
nr. 1039	<u>Lynghaugane</u>
nr. 1040	<u>Kattanesvegen</u>
nr. 1041	<u>Lundakamben</u>
nr. 1042	<u>Garden</u>
nr. 1043	<u>Malkenesvegen</u>
nr. 1102	<u>Oterurdane</u>
nr. 1103	<u>Svevegen</u>
nr. 1044	<u>Vevatne</u>
nr. 1045	<u>Vetlabølsvegen</u>
nr. 1046	<u>Hovlandsstranda</u>
nr. 1047	<u>Liastranda</u>
nr. 1048	<u>Liavegen</u>
nr. 1049	<u>Årbakkavegen</u>
nr. 1050	<u>Onarheimsvegen</u>
nr. 1051	<u>Vattedalsvegen</u>
nr. 1052	<u>Flakkavågsvegen</u>
nr. 1108	<u>Hodnanesvegen</u>
nr. 1053	<u>Fjellvegen</u>
nr. 1054	<u>Eikene</u>
nr. 1055	<u>Hagaresvegen</u>
nr. 1056	<u>Espevikvegen</u>
nr. 1057	<u>Sletteskogsvegen</u>
nr. 1101	<u>Østerspollen</u>
nr. 1058	<u>Skorpevegen</u>
nr. 1059	<u>Gangstøvegen</u>
nr. 1108	<u>Singelstad</u>
nr. 1060	<u>Langenuvegen</u>

<u>nr. 1061</u>	<u>Flatråkervegen</u>
<u>nr. 1105</u>	<u>Nedre Øyjordsvegen</u>
<u>nr. 1106</u>	<u>Øvre Øyjordsvegen</u>
<u>nr. 1062</u>	<u>Nordbustaddalen</u>
<u>nr. 1063</u>	<u>Nesøyvegen</u>
<u>nr. 1064</u>	<u>Uggdalsvegen</u>
<u>nr. 1065</u>	<u>Høviskelandsvegen</u>
<u>nr. 1066</u>	<u>Kleppa</u>
<u>nr. 1067</u>	<u>Kongsvikvegen</u>
<u>nr. 1068</u>	<u>Øvrebøvegen</u>
<u>nr. 1069</u>	<u>Jensvoll</u>
<u>nr. 1070</u>	<u>Jensvollsbrekka</u>
<u>nr. 1071</u>	<u>Heningen</u>
<u>nr. 1072</u>	<u>Tomyra</u>
<u>nr. 1073</u>	<u>Øvregato</u>
<u>nr. 1074</u>	<u>Sauabakkane</u>
<u>nr. 1075</u>	<u>Uggdalsdalen</u>
<u>nr. 1076</u>	<u>Solheimsdalen</u>
<u>nr. 1077</u>	<u>Heiavegen</u>
<u>nr. 1078</u>	<u>Amlandsvegen</u>
<u>nr. 1079</u>	<u>Færavågvegen</u>
<u>nr. 1080</u>	<u>Bårdsundvegen</u>
<u>nr. 1081</u>	<u>Hillesvikvegen,</u>
<u>nr. 1082</u>	<u>Landeråvegen</u>
<u>nr. 1083</u>	<u>Sundavågen</u>
<u>nr. 1084</u>	<u>Rekstravegen</u>
<u>nr. 1085</u>	<u>Flygansvær</u>
<u>nr. 1086</u>	<u>Frøkedalen</u>
<u>nr. 1087</u>	<u>Åsvågen</u>
<u>nr. 1088</u>	<u>Øvra Haukafær</u>
<u>nr. 1089</u>	<u>Haukafærvågen</u>
<u>nr. 1090</u>	<u>Ersværvågen</u>
<u>nr. 1091</u>	<u>Gjellandsvegen</u>
<u>nr. 1093</u>	<u>Gjøvågsvegen</u>
<u>nr. 1094</u>	<u>Raftåsvegen</u>
<u>nr. 1095</u>	<u>Hopssundvegen</u>

VEDTAK I LANDBRUK/TEKNISK 03.10.01:

I samsvar med innstilling.

SAKSUTGREIING 20.03.02:

Saka har vore ute til offentlig høyring og det er kome inn 4 skriftlege merknader. Tre av merknadane dreier seg om vegane på Økland (Flatråker). Ein merknad gjeld vegen til Øvra Lunde.

For vegen Nedre Øyjordsvegen (1105) er det kome framlegg frå eigar av gnr.3 bnr.3 om at

vegen bør heite Øyjordsvegen.

I fellesskriv frå eigarane av gnr.3 bnr.1 og 2 er det kome forslag om Øvre Øklandsveg (1105)og Nedre Øklandsveg(1106).

Frå eigar av gnr.3 bnr.26 er det kome forslag om Øklandsvegen(1106).

Desse tre siste eigarane vil vera blant dei eigarane som i så fall vil få adresse til Øvre Øklandsveg(1106).

Eit alternativ til namn er Øklandsvegen(1106) på austsida av hovudvegen og Øyjordsvegen (1105) på vestsida av hovudvegen.

Når det gjeld vegen til Øvra Lunde er det kome inn ein merknad. Det vert mellom anna halde fram at "*Forslaget om å endra namnet Øvre Lunde til Øvra Lunde er meningslaust og sterkt provoserande. Øvre Lunde har gått gjennom mange generasjonar og må vera heilt uaktuelt å endra*". Merknaden går vidare på at det i talemåten vert sagt Øvra Lunde og ikkje Øvra Lunde. Namnekonsulenttenesta v/ Kjell Erik Steinbru peikar her på punkt b i § 2-3 i forskriftene. Og siktar til Øvra . Uttalen "Lunde" må skrivast Lunde.

" b. Samansetjingsmåte

I samansette namn skal ein som hovudregel bruke den samansetjingsmåten som samsvarar med målføret "

Jan Staume har også merknad til Lundavegen(1107).

I skriv av 10.05.2001 skriv Kjell Erik Steinbru om Landavegen(1016):

*" Til gardnamnet Lunde (namn på gnr.113 og 114) er det laga avleidd former som "Londanese" og "Londavågen". Desse namna blir skrivne Lundaneset og Lundavågen i normert form. (Sjå bl.a. på 1981-utgåva av N50-kartet "Fusa"(nr 1215-3).) Parallelt med dette må eit vegnamn som er avleidd av gardnamnet Lande skrivast **Landavegen**. (Jf. med § 4 i lova og med punkt b i § 2-3 i dei tilhøyrande forskriftene.) (Primærnamnforma Lande står fast.) (I ein telefonsamtale me hadde med Sverre K. Dalland i dag, stadfeste han at forma "Landaveien" er i tråd med den lokale namnetradisjonen.)"*

Til nr. 1107 seier han vidare "*Lundevegen* må endrast til **Lundavegen** . (Sjå merknader til nr.1016 (øvst på denne sida)"

Det er også kome merknad på Koløyhamn(1041) .Dette namnet er i utvalet endra til Lunda-kamben før utlegging til offentleg høyring.

Det kom også inn merknad til forslaget Abelsveg(1012) .Dette er også endra i utvalet til Båta-støvegen før utlegging til offentleg høyring.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN 20.03.02:

Vegane i Lunde vert kalla: Øvra Lunde(1035) og Nedra Lunde(1033)

Vegane på Økland (Flatråker) vert kalla: Øklandsvegen(1106) og Øyjordsvegen(1105).

Namnet på vegen Lundavegen (1107) vert ikkje endra.

TILRÅDING FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 20.03.02:

I samsvar med innstilling.

Postadresse:
Kommunehuset
5685 UGGDAL

Besøksadresse:

UGGDAL

Telefon: 53 43 70 00
Telefaks: 53 43 70 11

VEDTAK I FORMANNSKAPET 20.03.02:

Saka vert utsett.

SAKSUTGREIING 29.05.02:

Saka vart i formannskapet den 20.03.2002 utsett i påvente av nærare utgreiing omkring skrivemåten på vegnamn i Tysnes kommune.

Når det gjeld a- eller o- ending og dei andre punkta formannskapet tok opp ,skriv Statens namnekonseptantar i brev av 11. april 2002 at "spørsmålet har relevans til desse vegnamnformene i det opphavlege framlegget frå kommunen : *Abelsbrekko* (veg nr. 1012) ,*Hovlandstranda*(1046), *Liastranda* (1047), *Jensvollsbrekko* (1070), *Thomyro* (1072) og *Øvregato* (1073). (I brevet me skreiv til kommunen i 10.mai i fjor , tilrådde me at namnet på veg 1046 får skrivemåten *Hovlandsstranda* (med genetiv-s) og at føreleddet i namnet på veg 1072 blir skrive *To-*. (Det er reist namnesak for gardsnamnet som er lagt til grunn i det sistnemnde tilfelle . Jf. med den uttaleretten grunneigarane har i gardsnamnsaker.))

Nemningane *strand* og *myr* er sterke hokjønnsord i dialekten. I punkt e i § 2-3 i forskriftene som regulerer offentleg bruk av stadnamn , står det at slike ord slak ha *a-* eller *i-* ending i bunden eintalsform.

(Me syner òg til den grunnregelen i § 4 i stadnamnlova som seier at ein i stadnamnormeringa skal ta omsyn til dei gjeldande rettskrivingsprinsippa.) Me kan difor gi full støtte til bruk av skrivemåtar som *Hovlandsstranda* og *Liastranda*. Samtidig må me tilrå at det blir skrive *To-myra*. Det må presiserast at det er Statens kartverk som avgjer korleis nedarva stadnamn skal skrivast i offentleg samanheng.

I norsk talemål har svake hokjønnsformer som "brekko"/"brekkå" og "gato"/"gatå" langt større utbreiing enn "strando" og "myro". Men etter reglane for stadnamnormering skal òg svake hokjønnsord skrivast med a- ending i bunden eintalsform. Me syner til det som står om slike ord i punkt e i §2-3 i forskriftene .(Sjå òg § 4 i lova.) Det vil vera litt skjemma om ein (stadig) skriv *Øvregato* samtidig som ein skriv *-brekka*. Me tilrår prinsipielt bruk av *a-* ending i begge tilfella. Sia forma *Abelsbrekko* venteleg er ei nydanna namneform og sia føreleddet i namnet ikkje byggjer på noko anna stadnamn , har kommunen i dette tilfelle avgjerdsretten i spørsmålet om skrivemåten.

Føreleddet i namnet *Skjepavikjo* er etter alt å døma genetivform av ordet *skip*(n). Det kan tenkjast at staden er brukt som båthamn ein del tidlegare. Me held fast på tilrådinga om skrive *Skipa-*.

Så sant "*Søra Gjøvåg*" er ein nedarva form i den muntlege tradisjonen, bør namnet òg skrivast *Søra Gjøvåg* i offentleg samanheng. (Sjå punkt b i §2-3 i forskriftene.) "

Vedkomande namnet *Søra Gjøvåg* har eg vore i kontakt med Harald Gjøvåg som også meiner at det vert uttalt *Søra Gjøvåg* .Veg 1100 bør difor vera ***Søra Gjøvåg*** *Abelsbrekko* som namn på veg 1012 er bytt ut med ***Båtastøvegen*** .

For namnet *Haugavegen* (veg nr.1036)er det omtala i tidlegare brev frå namnekonseptantane i merknad til veg 1046 "*Hauavegen* bør endrast til ***Haugavegen***. Både på ØK og på det nemnde

N-50 kartet er primærnamnet skrivne Haugen.(Jfr. med grunnregelen som går på tilpassing til dei gjeldande rettskrivingsprinsippa. Sjå §4 i lova."

Den endringa som er frå sist saka var oppe i formanskapet vert då at *Søre Gjøvåg* blir endra til *Søra Gjøvåg* .

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 29.05.02:

Vegane i Lunde vert kalla: Øvra Lunde(1035) og Nedra Lunde(1033)
Vegane på Økland (Flatråker) vert kalla: Øklandsvegen(1106) og Øyjordsvegen(1105).
Namnet på vegen Lundavegen (1107) vert ikkje endra.

Følgjande hokjønnsord skal ha o-ending: Tomyro (1072), Hovlandsstrando (1046), Liastrando (1047), Jensvollsbrekko (1070).

Stavemåten for (1029) skal vera Skjepavikjo medan (1103) skal heita Svenavegen.

Vegnr. 1100 skal skrivast: Søra Gjøvåg.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 27.06.02:

I samsvar med framlegget frå formannskapet.

